



# HORNINDAL KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Planutvalet	23.11.2015	014/15	SH
Kommunestyret	10.12.2015	112/15	SH

<b>Saksansvarleg:</b> Ståle Hatlelid	<b>Arkiv:</b> L10	<b>Arkivsaknr.:</b> 13/349 - 16
	<b>Objekt:</b>	

### Reguleringsplan for næringsområde søraust for Kjøs bru - vurdering av inntømne merknader - eigendokjening

#### Sakstfang / Lover / Plandokument

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
7	I	13.05.2015	iVest Consult as	Planforslag for Massetak i Kjøs
8	S	26.05.2015		Reguleringsplan for massetak søraust for Kjøs bru - vedtak om offentlig utlegging
9	U	06.07.2015	Fjordingen	Reguleringsplan for næringsområde søraust for Kjøs bru
10	I	13.07.2015	Norges vassdrags- og energidirektorat	Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for næringsområde - Massetak sørøst for Kjøs bru - Hornindal kommune . NVEs referanse: 201304059-4
13	I	13.07.2015	Statens vegvesen	Hornindal kommune - uttale til reguleringsplan for massetak søraust for Kjøs bru
12	I	16.07.2015	Mørenett AS	Reguleringsplanar for Raudemel industriområde og massetak søraust for Kjøs bru - offentlig ettersyn, referanse 09/400-32/L12 //SH
11	I	16.07.2015	Direktoratet for mineralforvaltning	Dokument 15/01222-2 Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Raudemel industriområde og massetak i Hornindal kommune sendt fra Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
14	I	23.08.2015	Bjørn Roger Flo	Merknad til planforslag - masseuttak søraust for Kjøs Bru
15	I	24.08.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Hornindal kommune - fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for næringsområde ved Kjøs bru, gbnr. 214/1

- *Plan- og bygningslova (PBL)*
- Arealdelen til kommuneplanen for Hornindal (2004)
- Differensiert forvaltingsplan for Hornindalsvassdraget (2008)

- Klimaplan for Hornindal kommune (2010)
- Reguleringsplan for Rv. 15x60 Hp 03, Kjøs kryss (2006)
- Heilskapleg ROS-analyse for Stryn og Hornindal kommunar (2014)
- Vedtak i planutvalet 06.06.2006, sak 011/06
- Vedtak i utviklingsutvalet 07.06.2006, sak 061/06
- Vedtak i planutvalet 27.04.2015 - dispensasjon frå reguleringsplan for Kjøs kryss, sak 003/15

## **Saka gjeld**

Handsaming av merknader etter første gongs offentleg utlegging, samt eigengodkjenning av reguleringsplanen for massetak søraust for Kjøs bru.

## **Bakgrunn/ drøfting**

I sak 006/15 gjorde planutvalet vedtak om offentleg utlegging av reguleringsplanen for massetak søraust for Kjøs bru. I høyringsperioden kom det inn 6 merknader, men ingen av desse er av ein slik karakter at det utløyser motsegn. Største utfordringa knyter seg til støy- og støvproblematikken, og næraste nabo til massetaket ber om eit møte før planen vert slutthandsama.

### Vurdering av innkomne merknader

I den vidare saksutgreiing er det teke inn eit kort resymé av merknadene og kommunen sine kommentarar og vurderingar av desse. Merknadene er nummerert som M1, M2,....M6.

### M1. Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE

NVE har ingen merknader til planframlegget.

### M2. Statens vegvesen, region vest

Statens vegvesen viser til at det er teke omsyn til etaten sitt tidlegare innspel til planarbeidet, og at reguleringsplanen er samordna med reguleringsplanen for Kjøs bru.

### M3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmanne seier i sin uttale m.a. følgjande:

- Planen omfattar ikkje etterbruken av området, og infrastrukturtiltak vert å kome tilbake til i samband med denne etterbruken.
- Omsynet til avrenning er ikkje vurdert i planen, og det bør leggjast vekt på etappevis utbygging.
- Det bør vurderast om støymålingane for området er gode nok, og fylkesmannen minner om forureiningsforskrifta § 30-9 om rapporteringsplikt av støymålingar og utslepp til vatn.
- Det er bra at det er lagt inn ein buffer – mellom massetaket og tilgrensande landbruksareal.
- Det kjem ikkje tydeleg fram i planomtalen kva framskriving som er nytta i vurdering av framtidige klimaendringar, men at ROS-vurderingane likevel er tilstrekkelege.

### Rådmannen sin kommentar:

*Både tiltakshavar, grunneigar og kommunen er innforstått med at framlagt plan ikkje tek stilling til etterbruken av området, og at det må utarbeidast detaljert reguleringsplan før området evt. kan brukast til andre føremål - enn massetak.*

*To mindre bekkar kjem ned i austre og søndre del av massetaket, og for å kunne ta hand om vatnet på ein tilfredsstillande måte må det etablerast inntak og røyrleidning fram til eksisterande rørgate – mot Hornindalsvatnet.*

*Knusing og solding av masse føregår i botnen av massetaket, og med god avskjerming i alle retningar er det ingen ting som tyder på at denne del av drifta fører til uakseptabel støy for naboskapet. Derimot vil boring og sprenging i deler av massetaket kunne føre til kortvarig støy for naboskapet. Det er imidlertid vanskeleg å skjerme denne aktiviteten på ein effektiv måte, og slik rådmannen ser det vil ulempene bli minst dersom boring og sprenging berre skjer innafør ordinær arbeidstid.*

#### M4. Mørenett

Mørenett seier at det er aktuelt med ein ny nettstasjon dersom det blir forbruk av elektrisitet i området.

#### Rådmannen sin kommentar:

*Det er ingen ting som tyder på at forbruk av elektrisitet blir større som følge av dagens aktivitet i massetaket, men dersom området i framtida blir utvikla som næringsområde må det nok på plass både ny nettstasjon o.a. infrastrukturtiltak.*

#### M5. Direktoratet for mineralforvaltning:

Etter DMF si oppfatning har planforslaget ei god utforming og tilstrekkeleg fleksibilitet med tanke på praktisk drift av massetaket. Meir detaljert omtale av førekomsten (bergart, volum, bruksområde m.m.) burde likevel vore på plass. Ut over dette har direktoratet ingen merknader til planen, men opplyser at verksemda (Per Røyrhus AS) har søkt DMF om driftskonsesjon etter minerallova.

#### Rådmannen sin kommentar:

*Rådmannen registrerer at tilbakemeldinga/ merknaden frå DMF er positiv med tanke på vidare drift av massetaket.*

#### M6. Bjørn Flo:

Bjørn Flo har følgjande merknader til planutkastet:

- Drifta av massetaket fører med seg mange ulemper, og han ber om at det blir teke meir omsyn til han, som næraste nabo til massetaket. Støv er ekstra plagsamt for han. Han viser også til at aktiviteten i massetaket førte til så store problem med vassforsyninga hans (borehol i fjell berre 7 – 8 m frå eigedomsgrensa) at nytt borehol måtte etablerast lenger vekk frå massetaket.
- 10 m avstand frå eigedomsgrensa hans – til massetaket vil redusere utsikta mot aust, og i følgje takstmann føre til vesentleg verditap av garden. Dette kan han ikkje akseptere, og ber om at masseuttaket skjer mot aust i staden for mot vest. Alternativt at det blir avslutta 35 m frå eigedomsgrensa.
- Med bakgrunn i desse merknadene ber Flo om at kommunen kallar inn til eit møte – for å kome fram til ei løysing «... som alle kan leve med».

#### Rådmannen sin kommentar:


*Som næraste nabo til massetaket har Bjørn Flo i fleire år måtte leve med støv, støy o.a. plager som følge av drifta i massetaket. Rådmannen er av den grunn ikkje forundra over Flo sin merknad til reguleringsplanen, og med tanke på vidare drift må det finnast løysingar som er akseptable for alle partar.*

*Det vart halde møte/ synfaring i massetaket 26.10.2015 – der representantar både frå entreprenør, grunneigar, kommunen og Bjørn Flo var til stades.*

Frå entreprenør og grunneigar si side er det ynskjeleg å kunne ta ut sprengstein frå heile det regulerte massetaket, mens Flo heldt fast på at regulert «buffersone» på 10 m frå eigedomsgrrensa er alt for lite. Flo viste også til at fint støv frå massetaket har vore svært plagsamt i lang tid, og at noko må gjerast for å redusere dette.

Med bakgrunn i Flo sine merknader vart fleire aktuelle løysingar diskutert, og slik rådmannen ser det vil følgjande tiltak kunne redusere plagene for naboskapet:

- Bruk av vatn (dusj) - under knusing og solding av masse i periodar utan nedbør.
- Boring og sprenging skal berre føregå innafor ordinær arbeidstid, og helst i regnvêr.
- Uttak av masse nærare eigedomsgrrensa til Flo enn 25 m kan først skje etter at øvrige deler av området er ferdig utteke. Før uttak kan ta til innafor «25 meters-sona» skal det haldast ny synfaring.



Utsnitt av utkast til reguleringsplan med innteikna linje – 25 m frå eigedomsgrrensa til gnr. 215, bnr. 1

Ved å justere/ supplere reguleringsføresegnene i samsvar med nemnde tiltak vil tilhøva for naboskapet kunne bli akseptabelt. Det er vidare ein føresetnad at avtalen mellom entreprenør og grunneigar ikkje strir mot det vedtak kommunestyret gjer.

## Økonomiske konsekvensar

Med bakgrunn i innkomne merknader vert det rådd til mindre endringar i plankart og føresegner, men etter rådmannen si vurdering er desse av mindre omfang – utan trong for ny utlegging. Kommunen sine kostnader med endringsframlegget er knytt til ajourføring av plankart og føresegner, samt kunngjering av eigengodkjent plan.

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1 I medhald av *PBL* § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for massetak søraust for Kjøs bru med følgjande endringar:

### 1.1 Plankartet:

- a. Reguleringsplanen skal leggjast inn på oppdatert bakgrunnskart (2013).
- b. Plannamn: Skal endrast til *Massetak søraust for Kjøs bru*.

- c. Dato for offentlig utlegging og kommunestyret sitt vedtak skal leggjast inn på planen.

#### 1.2 Reguleringsføresegnene:

- § 2.5.2 Endra ordlyd til: «*Knusing og solding av massar, og liknande støyproduserande drift, er berre tillate på ordinære arbeidsdagar måndag – fredag mellom kl. 07.00 – 18.00. Boring og sprenging skal skje innafør same vekedagar, men då mellom kl. 08.00 – 16.00*» For å redusere støvplagene skal det i periodar utan nedbør brukast vatn (dusj) – under arbeid nemnt i denne paragrafen.»
  - § 3.1.1 Endra ordlyd til: «*Området skal nyttast til masseuttak, men slik at uttak nærare eigedomsgrensa mot gnr. 215, bnr. 1 enn 25 m - først kan skje etter at øvrige deler av området er ferdig utteke. Før uttak kan ta til innafør «25 meters-sona» skal det haldast ny synfaring med representantar frå grunneigar, entreprenør, nabo og kommunen.*»
  - § 4.2.1 Endra ordlyd til: «*Anna veggrunn omfattar areal tilhøyrande veganlegg som grøfter .....*»
  - § 5.1.1 Endra ordlyd til: «*I område VS1 er det ikkje tillate med inngrep og tiltak utanom det som er nemnt i § 5.1.2- med mindre uttak av sprengstein fortløpande blir erstatta av andre typar massar. I slike tilfelle skal eksisterande vegetasjonsdekke takast vare på, og leggjast tilbake på tilførte massar.*»
  - § 6.2.2 Endra ordlyd til: «*For å sikre flaumvassveg gjennom området skal to mindre bekkar i austre og søndre del av massetaket leggjast i røyr med tilstrekkeleg kapasitet, og knytast til eksisterande rørgate – mot Hornindalsvatnet.*»
- 2 *Lov om kulturminne* gjeld innafør heile planområdet, og i samsvar med § 8, 2. ledd, har tiltakshavar plikt til å vise varsemnd og straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune – kulturavdelinga, dersom automatisk freda kulturminne skulle bli funne.
  - 3 Tekstdelen til planen skal justerast i samsvar med dei endringar i plankart og føresegner som følgjer av kommunestyret sitt vedtak.
  - 4 Reguleringsplanen m/ tilhøyrande dokument vert å registrere i kommunen sitt planregister.
  - 5 Kommunestyret sitt godkjenningsvedtak vert å innarbeide i plandokumentet, og kunngjere ajourført reguleringsplan i samsvar med *PBL* § 12-12 fjerde ledd.

**23.11.2015 PLANUTVALET**

#### **PLAN-014/15 VEDTAK SAMRØYSTES:**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- 1 I medhald av *PBL* § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for massetak søraust for Kjøs bru med følgjande endringar:

#### 1.1 Plankartet:

- a. Reguleringsplanen skal leggjast inn på oppdatert bakgrunnskart (2013).

- b. Plannamn: Skal endrast til *Massetak søraust for Kjøs bru*.
- c. Dato for offentlig utlegging og kommunestyret sitt vedtak skal leggjast inn på planen.

### 1.2 Reguleringsføresegnene:

- § 2.5.2 Endra ordlyd til: «*Knusing og solding av massar, og liknande støyproduserande drift, er berre tillate på ordinære arbeidsdagar måndag – fredag mellom kl. 07.00 – 18.00. Boring og sprenging skal skje innafor same vekedagar, men då mellom kl. 08.00 – 16.00*» For å redusere støvplagene skal det i periodar utan nedbør brukast vatn (dusj) – under arbeid nemnt i denne paragrafen.»
- § 3.1.1 Endra ordlyd til: «*Området skal nyttast til masseuttak, men slik at uttak nærare eigedomsgrensa mot gnr. 215, bnr. 1 enn 25 m - først kan skje etter at øvrige deler av området er ferdig utteke. Før uttak kan ta til innafor «25 meters-sona» skal det haldast ny synfaring med representantar frå grunneigar, entreprenør, nabo og kommunen.*»
- § 4.2.1 Endra ordlyd til: «*Anna veggrunn omfattar areal tilhøyrande veganlegg som grøfter .....*»
- § 5.1.1 Endra ordlyd til: «*I område VS1 er det ikkje tillate med inngrep og tiltak utanom det som er nemnt i § 5.1.2- med mindre uttak av sprengstein fortløpande blir erstatta av andre typar massar. I slike tilfelle skal eksisterande vegetasjonsdekke takast vare på, og leggjast tilbake på tilførte massar.*»
- § 6.2.2 Endra ordlyd til: «*For å sikre flaumvassveg gjennom området skal to mindre bekkar i austre og søndre del av massetaket leggjast i røyr med tilstrekkeleg kapasitet, og knytast til eksisterande rørgate – mot Hornindalsvatnet.*»

- 2 *Lov om kulturminne* gjeld innafor heile planområdet, og i samsvar med § 8, 2. ledd, har tiltakshavar plikt til å vise varsemnd og straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune – kulturavdelinga, dersom automatisk freda kulturminne skulle bli funne.
- 3 Tekstdelen til planen skal justerast i samsvar med dei endringar i plankart og føresegner som følgjer av kommunestyret sitt vedtak.
- 4 Reguleringsplanen m/ tilhøyrande dokument vert å registrere i kommunen sitt planregister.
- 5 Kommunestyret sitt godkjenningsvedtak vert å innarbeide i plandokumentet, og kunngjere ajourført reguleringsplan i samsvar med *PBL* § 12-12 fjerde ledd.

## 10.12.2015 KOMMUNESTYRET

### KS-112/15 VEDTAK SAMRØYSTES:

- 1 I medhald av *PBL* § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for massetak søraust for Kjøs bru med følgjande endringar:

#### 1.1 Plankartet:

- a. Reguleringsplanen skal leggjast inn på oppdatert bakgrunnskart (2013).

- b. Plannamn: Skal endrast til *Massetak søraust for Kjøs bru*.
- c. Dato for offentlig utlegging og kommunestyret sitt vedtak skal leggjast inn på planen.

## 1.2 Reguleringsføresegnene:

- § 2.5.2 Endra ordlyd til: «*Knusing og solding av massar, og liknande støyproduserande drift, er berre tillate på ordinære arbeidsdagar måndag – fredag mellom kl. 07.00 – 18.00. Boring og sprenging skal skje innafør same vekedagar, men då mellom kl. 08.00 – 16.00*» For å redusere støvplagene skal det i periodar utan nedbør brukast vatn (dusj) – under arbeid nemnt i denne paragrafen.»
- § 3.1.1 Endra ordlyd til: «*Området skal nyttast til masseuttak, men slik at Uttak nærare eigedomsgrensa mot gnr. 215, bnr. 1 enn 25 m - først kan skje etter at øvrige deler av området er ferdig utteke. Før uttak kan ta til innafør «25 meters-sona» skal det haldast ny synfaring med representantar frå grunneigar, entreprenør, nabo og kommunen.*»
- § 4.2.1 Endra ordlyd til: «*Anna veggrunn omfattar areal tilhøyrande veganlegg som grøfter .....*»
- § 5.1.1 Endra ordlyd til: «*I område VS1 er det ikkje tillate med inngrep og tiltak utanom det som er nemnt i § 5.1.2- med mindre uttak av sprengstein fortløpande blir erstatta av andre typar massar. I slike tilfelle skal eksisterande vegetasjonsdekke takast vare på, og leggjast tilbake på tilførte massar.*»
- § 6.2.2 Endra ordlyd til: «*For å sikre flaumvassveg gjennom området skal to mindre bekkar i austre og søndre del av massetaket leggjast i røyr med tilstrekkeleg kapasitet, og knytast til eksisterande rørgate – mot Hornindalsvatnet.*»

- 2 *Lov om kulturminne* gjeld innafør heile planområdet, og i samsvar med § 8, 2. ledd, har tiltakshavar plikt til å vise varsemnd og straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune – kulturavdelinga, dersom automatisk freda kulturminne skulle bli funne.
- 3 Tekstdelen til planen skal justerast i samsvar med dei endringar i plankart og føresegner som følgjer av kommunestyret sitt vedtak.
- 4 Reguleringsplanen m/ tilhøyrande dokument vert å registrere i kommunen sitt planregister.
- 5 Kommunestyret sitt godkjenningsvedtak vert å innarbeide i plandokumentet, og kunngjere ajourført reguleringsplan i samsvar med *PBL* § 12-12 fjerde ledd.

### **Kopi til:**

Anne Karin Lungård Hove  
Per Røyarhus AS  
Sakshandsamar for vidare arbeid

Jutedal                    6763            HORNINDAL  
Røyarhus                6218            HELLESYLT

Hornindal, den 15.12.2015

Anne Elin Ekornesvåg/s  
- Sekretær -